

# Klage avvist – Vigra kringkaster får stå

Men vedtaket gjeld berre mellombels freding, har Kulturdepartementet bestemt. Før 1. september i år må det avklarast om det skal startast opp ei sak om varig freding, legg departementet til.



Glad for vedtaket: Jon Hildre, leiar av Venneforeininga for Vigra kringkaster. (Arkivbilette)  
Foto: Karl-Petter Løvull

– Dette er svært bra. Vi har jobba med freding av anlegget sidan 1995, seier Jon Hildre, leiar i Venneforening til Vigra kringkaster.

– Vi vil no bruke tida fram til 1. september med å få på plass eit varig vern, legg Hildre til.

## Treng støtte

Han seier at dei er avhengige av støtte frå Riksantikvaren, rikspolitikarane og Telenor for å få til dette.

Det var i juli 2018 at Møre og Romsdal fylkeskommune vedtok mellombels freding av Vigra kringkaster. Dette vedtaket vart påklaga av både grunneigaren, som har bygsla vekk tomte, og av Norkring.

Møre og Romsdal fylkeskommune meiner heile anlegget har stor nasjonal verdi, ikkje minst på grunn av anlegget si betydning og symbolske plass i forhold til krigshistoria, samt utviklinga av Norge som fiskerinasjon.

Dette er blitt avvist av Norkring, som meiner anlegget ikkje har nasjonal verdi – og viser til ei uttale frå Riksantikvaren.

## Ny vurdering

Men fylkeskommunen meiner no at Riksantikvaren ønskjer å opne opp for ei ny vurdering av Vigra kringkastar sin kulturhistoriske verdi.

Jon Hildre i venneforeninga seier at dei har store planar for anlegget på Vigra:

– Vi ser for oss at det kjem eit museum her, eit senter for demokrati og ytringsfridom.

Vigra kringkastar består av fem bygg: eit sendarbygg, eit lagerhus, eit kringkastarbygg, eit feederhus og eit murbygg for aggregat.

Giske kommune gav i september 2017 løyve til å rive anlegget, og dette arbeidet skulle ha starta opp i august 2018 – men har altså blitt stansa.

## Vedteken plan

Møre og Romsdal fylkeskommune stoppa rivinga fordi dei meiner kringkastaren har stor verneverdi. Vigra Kringkastar er også med i regional delplan for kulturminne av nasjonal og regional verdi – ein plan som er vedteken av fylkestinget.

I 1996 vart dessutan Vigra Kringkastar teken med på Telenor sin verneplan som einaste lokalitet i Møre og Romsdal.